



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gunn Helen Henne  
Telefon: 57 65 51 37  
E-post: ghe@fmsf.no

Vår dato  
30.11.2009  
Dykkar dato  
14.10.2009

Vår referanse  
2009/4304 - 542.0  
Dykkar referanse

Fiskeri- og kystdepartementet  
[postmottak@fkd.dep.no](mailto:postmottak@fkd.dep.no)

Brevet vert berre sendt på e-post.

## Høyrings svar - forskrift om kapasitetsauke i lakse- og aureoppdrett i 2010

Vi viser til oversendingar dagsett 13. og 14. oktober med høyringsforslag i høve til kvar den vedtekte kapasitetsauken på 5% for lakse- og aureoppdrett i 2010 skal komme.

### Generelt

Ut frå den situasjonen ein har i havbruksnæringa i dag med lakselus og rømming ute av kontroll, er det ikkje miljøfagleg tilrådeleg at det vert gjennomført ny kapasitetsauke også i 2010. Både fagmiljøa og forvaltninga har frårådd dette, jf. *Tildeling av tillatelse til akvakultur av laks, ørret og regnbueørret i 2010. Fiskeridirektoratets foreløpige overordnede vurdering.* Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at det forslaget som ligg føre ikkje tek nok omsyn til at oppdrettsproduksjonen mange stader allereie kan ha overskride miljøet sin kapasitet. Ordninga med fire område som er unntatt vidare vekst, samstundes som det vert lagt opp til ein monaleg vekst jamt over i næringa, vert føreslege som eit verkemiddel for å redusere uheldig påverknad på miljøet. Vi meiner at det tvert om kan føre til eller forsterke problem i andre område innan same region.

### Fordelingsmodellen i høve til reell kapasitet for vidare auke

Fylkesmannen meiner at det er uheldig at auken blir "flatt fordelt" på heile landet, med unnatak av fire område. Dette gjev lite høve til å styre kor auken skal komme. Ved tildelingane i 2009 var det ein klår føresetnad at dei sørlegaste fylka, herunder Sogn og Fjordane, hadde avgrensa kapasitet for vidare auke i produksjonen. Vi viser her til *Fiskeridirektoratets anbefalinger vedrørende områder som vurderes mindre aktuelle for økning av oppdrettsvirksomhet – Tildelingsrunde 2009.* Det vart her ikkje vurdert mulig med kapasitetsutviding på nye lokalitetar, og berre avgrensa mulighet på eksisterande lokalitetar.

I Sogn og Fjordane har oppdrettsproduksjonen i lang tid hatt ein klårt bestandsregulerande effekt på vill laksefisk: Innslaget av rømt oppdrettsfisk er i mange viktige laksevassdrag langt over kritiske grenser for genetisk påverknad av villaksen, og lakselus gjer stor skade på både villaks og sjøaure. Tilleggsverknaden av dei seks nye (fem ordinære pluss ein sokalla økologisk) konsesjonane som vart tildelt til fylket tidlegare i år er det for tidleg å seie noko om. Ytterlegare kapasitetsauke i oppdrettsproduksjonen i 2010 vil ikkje gjere desse problema mindre. Dersom målet er berekraft i oppdrettsproduksjonen, jf. *Strategi for en miljømessig bærekraftig havbruksnæring*, kan kapasitetsauken i 2010 ikkje komme i Sogn og Fjordane.

### Auka press på lokalitetar i Sogn og Fjordane, og auka saksmengde for Fylkesmannen

Med den fordelinga av kapasitetsauken som dette høyringsforslaget legg opp til, kan det bli ein tilsvarende auke som i 2009 i Sogn og Fjordane også i 2010. Eller den kan bli monaleg større enn i 2009, på grunn av mogleg omorganisering av drifta i verksemdar med

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 05  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
[post@fmsf.no](mailto:post@fmsf.no)  
Internett:  
[www.fylkesmannen.no/sfj](http://www.fylkesmannen.no/sfj)

konsesjonar i unntaksområdet i Sunnhordland og Midthordland. Desse kan fritt flytte drifta rundt på sine lokalitetar innanfor Fiskeridirektoratet sin region Vest, og dermed flytte noko av kapasiteten sin til lokalitetar i resten av Hordaland og i Sogn og Fjordane.

For dei aktørane som ikkje allereie har lokalitetar utanfor unntaksområdet i Sunnhordland og Midthordland, vert det lagt opp til at det kan søkast om nye lokalitetar utanfor, som kapasitetsauken kan nyttast på. Høyringsnotatet har etter det vi kan sjå ikkje omtalt fordelinga av kor mange av aktørane i dei ulike unntaksområda som har og ikkje har lokalitetar utanfor dei ulike unntaksområda i dag. Vi kan difor ikkje vurdere kor stor ekstra saksmengde vi kan vente oss i Sogn og Fjordane med omsyn til søknader om nye lokalitetar, eller utviding på eksisterande lokalitetar som følgje av høyringsforslaget. Men det synest klart at det neppe vert plass til å omfordele heile den moglege kapasitetsauken frå konsesjonar i Sunnhordland og Midthordland berre i Hordaland, og at vi difor må forvente at dette høyringsforslaget vil gje ei auka saksmengde også i Sogn og Fjordane.

Auka kapasitet på nye eller eksisterande lokalitetar i fylket har også ei ureiningsside. Fleire eksisterande lokalitetar, eller grupper av lokalitetar i same resipient, kan allereie i dag vere over eller på veg til å nå resipienten si bereevne. Med kort frist på eitt år for å få godkjent nye eller eksisterande lokalitetar for høgare produksjon i samband med tildelinga i 2010 kan vi vente ein del søknader som ikkje nødvendigvis gjeld dei best eigna lokalitetane med omsyn til miljøtilstand og resipientevne. Det har vore ei viss omstrukturering dei siste åra, der fleire mindre lokalitetar er tatt ut av bruk, fordi produksjonen vert samla på færre og større lokalitetar med betre resipientevne. Dei lokalitetane som ikkje lenger er i aktiv bruk, er ikkje nødvendigvis trekt tilbake enno. Vi vil sjå det som særskild uheldig dersom tidlegare godkjente, men no i praksis fråflytta, lokalitetar med avgrensa resipientevne og redusert miljøtilstand skal hentast fram igjen som "kriseløysingar" for å få del i kapasitetsauken i 2010.

### Konklusjon

**Av omsyn til vill laksefisk og miljøtilstanden i resipientane bør forskriftsforslaget endrast slik at det inntil vidare ikkje vert kapasitetsauke i lakse- og aureoppdrett i Sogn og Fjordane.**

Med helsing

  
Gøsta Hagenlund  
assisterande fylkesmiljøvernssjef

  
Gunn Helen Henne  
overingeniør